



AGRI

ANALYSE

Norsk
Landbruksvarehandel

Torbjørn Tufte

Notat 1–2024

Forfatter	Torbjørn Tufte
Tittel	Norsk landbruksvarehandel
Utgivar	AgriAnalyse
Utgivarstad	Oslo
Utgitt år	2024
Sider	32
ISSN	Internett: ISSN 1894-1869
Oppdragsgivar	Internasjonale midlar, Norsk Landbrukssamvirke
Emneord	Toll, WTO, EU, frihandelsavtaler, landbruksvarehandel, Storbritannia, MUL, handelsregime, import, eksport, GSP, kvotar, RÅK, EØS; Artikkel 19, Protokoll 3
Forsidebilette	Torbjørn Tufte

AgriAnalyse

AgriAnalyse er en faglig premissleverandør og et kompetent utredningsmiljø i spørsmål knyttet til landbruk og politikk. AgriAnalyse arbeider med nasjonale, internasjonale og organisasjonsinterne problemstillinger innenfor våre prioriterte satsingsområder. Ansatte i AgriAnalyse har tverrfaglig bakgrunn med kompetanse fra flere ulike samfunnsvitenskapelige og landbruksfaglige tradisjoner. Se www.agrianalyse.no for mer informasjon.

Innhold

1	INNLEIING	1
2	TOLLREGIMET PÅ LANDBRUKSVARER.....	2
2.1	REDUSERTE TOLLSATSAR OG KVOTAR.....	5
2.2	RÅK – PROTOKOLL 3	8
3	NORSK LANDBRUKSVAREHANDEL	13
3.1	LANDBRUKSVAREHANDELEN I VERDI.....	13
3.2	LANDBRUKSVAREHANDELEN I VOLUM.....	16
3.3	HANDELEN MED UTVALDE VARER (OST, KJØT OG KORPRODUKT).....	19
4	SAMHANDELEN MED STORBRITANNIA	26
4.1	SAMHANDELEN I VERDI.....	26
4.2	SAMHANDELEN I VOLUM.....	29
	LITTERATUR	31

1 Innleiing

Notatet gir eit kort oversyn over nokre hovudtrekk ved det norske handelsregimet for landbruksvarer, samt utvalde handelstal for utviklinga i landbruksvarehandelen til Noreg fram til og med 2023. Det vert òg gitt ein kort presentasjon av samhandelen med Storbritannia dei siste åra. Notatet er ei oppdatert utgåve av tilsvarande notat for landbruksvarehandelen publisert i 2021, 2022 og 2023.

2 Tollregimet på landbruksvarer

Verdas handelsorganisasjon (WTO), etablert i 1995, med 164 medlemsland er den viktigaste premissleverandøren for rammeverk og reglar for global handel (WTO, u.å.). Rammeverket for det norske handelsregimet for landbruksvarer er òg bygd opp rundt – og gitt av – Landbruksavtala i WTO¹. Det ordinære tollvernet for tredjeland er notifisert i WTO, og her er maksimaltollsatsane ulike medlemsland kan nytte på ulike varer fastsett.

Tabell 2.1 viser eit grovt oversyn på tollregima ulike land praktiserer innanfor WTO mot tredjeland. Avtalene om varehandel (GATT) i WTO er delt i landbruksvarer regulert i Landbruksavtala og andre varer (industrivarer) som er varer som ikkje er definerte som landbruksvarer. Berekninga viser eit gjennomsnitt på tollfrie varelinjer og tollsatsar, fordelt på landbruksvarer og industrivarer². I tillegg er det fleire avtaleområder i WTO utover varehandelen, som handel med tenester (GATS) og Intellektuelle opphavsrettar (TRIPS) (WTO, u.å.a).

Til dømes viser oversynet av tollprofilar, frå WTO/ITC/UNCTAD, at Noreg praktiserer tollfri marknadstilgang på 52 prosent av varelinjene på **landbruksvarer**, og handhevar ein gjennomsnittstollsats på 36 prosent, men har tilgang til å bruke 139 prosent i tollsats i gjennomsnitt ut frå avtala (WTO/ITC/UNCTAD, 2023). Her er det viktig å vere merksam på at dette er tollregima i WTO for marknadstilgang for alle medlemsstatar, og land kan praktisere annleis innafor frihandelsavtaler dei har inngått med handelspartnarar. Til dømes er det fri vareflyt mellom Noreg og EU for industrivarer gjennom EØS-avtala, med unntak av fisk³, samt for landbruksvarer, då fisk og landbruk ikkje er ein del av EØS-avtala.

Ser ein vidare på tollregimet på **industrivarer**, er det tydelege skilnadar, som vist i tabell 2.1, der til dømes Noreg praktiserer tollfrie varelinjer på tilnærma all import med 96 prosent tollfrie varelinjer, medan til dømes EU praktiserer tollfridom på 29 prosent av varelinjene og USA 50 prosent. Sjølv om fleire land gjennomgåande nyttar tollsatsar på industrivarer, er desse ofte lågare enn for landbruksvarer, og til dømes EU praktiserer ein gjennomsnittstollsats på 4,1 prosent på industrivarer, medan USA nyttar 3,1 prosent i snitt (WTO/ITC/UNCTAD, 2023).

¹ Landbruksvarer, definisjon i WTO:

Landbruksvarer er definert i Landbruksavtala i WTO etter det Det harmoniserte system for skildring og koding av varer (HS), som alle varer i tolltariffens kapittel 1–24 med unntak av kapittel 3, fisk og fiskeprodukt, og posisjonane 16.04 og 16.05 (som gjeld tilverka fisk, krepsdyr og blautdyr). I tillegg er store deler av kap. 35 definert som landbruksvare. Vidare er enkelte varelinjer frå kapittel 29, 33, 38, 41, 43, 50, 51, 52 og 53 òg med (St.prp. nr. 65 (1993-94)).

² Berekningane er basert på seks siffer i HS.

³ Varer av fisk og skalldyr o.l. er kategorisert og handsama som industrivarer i WTO (St.prp. nr. 65 (1993-94)).

Tabell 2.1 *Tollvernet praktisert i utvalde land i global landbruksvarehandel med tredjeland under WTO, etter del tollfrie varelinjer, gjennomsnittss tollsats i bruk, gjennomsnittss bunden tollsats i 2022, samt del tollfrie varelinjer for industrivarer (WTO/ITC/UNCTAD, 2023).*

	Del tollfrie varelinjer landbruksvarer (2022)	Gjennomsnittss- tollsats i bruk, landbruksvarer (2022)	Gjennomsnittss bunden tollsats landbruksvarer (2022)	Del tollfrie varelinjer industrivarer (2022)	Gjennomsnittss- tollsats i bruk industrivarer (2022)
Argentina	7,3 %	10,3 %	32,4 %	6,3 %	13,8 %
Brasil	12,5 %	8,0 %	35,5 %	19,3 %	11,6 %
Canada	68,7 %	14,6 %	15,4 %	79,2 %	2,0 %
EU	31,1 %	11,4 %	12,2 %	29,0 %	4,1 %
Japan	35,4 %	13,4 %	16,2 %	56,8 %	2,4 %
Kina	7,0 %	13,9 %	15,7 %	10,1 %	6,4 %
Mexico	22,0 %	13,5 %	45,0 %	52,3 %	6,0 %
New Zealand	72,5 %	1,4 %	5,8 %	65,0 %	2,0 %
Noreg	52,0 %	35,5 %	139,0 %	95,8 %	0,4 %
Russland	9,4 %	9,7 %	10,7 %	16,9 %	6,1 %
Sveits	30,8 %	32,4 %	43,7 %	31,5 %	1,3 %
USA	30,1 %	5,1 %	4,8 %	50,3 %	3,1 %

Tollfrie varelinjer og gjennomsnittstollsatsar gir eit grovkorna bilete av kor ope eit land er for import. Medan talet på tollfrie varelinjer er ein rimeleg tydeleg indikasjon på kor open økonomien er, utgjer gjennomsnittsnivået på tollsatsane eit meir samansett bilete.

For det fyrste er det ikkje gitt at høg tollsats betyr god beskyttelse mot import. Det kan vere irrelevant om tollsatsen er 10 prosent eller 50 prosent, all den tid tollsatsen er høg nok til å gi beskyttelsen ein ynskjer. Dersom importprisen pluss toll er høgare enn innlandsprisen, så har ei vare prisbeskyttelse, og dersom den er lågare, har vara liten/svak beskyttelse. Difor kan 20 prosent toll på ost være like effektivt for eit land som 100 prosent for eit anna, alt etter kva innlandsprisen er i forhold til importprisen på vara.

For det andre er det heller ikkje gitt at ein tollsats vert nytta for å hindre import. Land kan til dømes nytte «låg» tollsats på varer dei ynskjer å importere og/eller importerer mykje av, for slik å innkrevje finansinntekter til staten gjennom importavgifter.

Det ordinære tollvernet til Noreg i WTO

Bruk av det ordinære tollvernet som Noreg har rett til gjennom WTO, er ein handelspraksis Noreg nyttar på høvesvis få varer og mot få land. Noreg har valt å liberalisere handelen langt meir enn krava i WTO gjennom å praktisere lågare og færre tollsatsar, og gi fleire og større kvotar enn det som ligg i WTO-avtala.

Tollvernet til Noreg på landbruksvarer kan ein grovt sett dele i to ut frå bruken av tollavgift. Tollvernet som skal sikre norske jordbruksproduksjonar, som mjølk, kjøt, korn og grønt, beskyttelse mot konkurranse på tilsvarande varer frå utlandet har høvesvis høge tollsatsar, medan produkt som ikkje direkte konkurrerer med norske kjerneproduksjonar, har låg eller ingen tollavgift.

Tabell 2.2 gir eit grovt oversyn over tollregimet Noreg praktiserer på landbruksvarer med omverda.

Tabell 2.2 Skjematisk oversikt over tollvilkår Noreg handhever på landbruksvarer etter land og grupper av land (Tufte, 2011, oppdatert til 2023).

Avtaler/einsidige innrømmingar som ligger til grunn	Tollvilkår inn til Noreg	Land og landgrupper for gitt marknadstilgang
WTO	Noreg har notifisert maksimumstollsatsar på varelinjer og gitt kvotar på ulike landbruksvarer til tredjeland. Noreg har rett til å nytte maksimaltollsatsar tilsvarande det som er notifisert, og Noreg har rett til å velje mellom å bruke kroner eller prosent på tollsatsen.	164 medlemsland
EFTA	Det europeiske frihandelsområdet gjeld for fire medlemmer, der det er gitt bilaterale tollpreferansar mellom EFTA-landa på landbruksvarer. EFTA utgjør den eine pilaren i EØS.	Medlemslanda er Noreg, Island, Sveits og Liechtenstein
EU	EU har etablert felles tollunion og indre marknad mellom 27 medlemsland. Noreg er deltakar i den indre marknaden, gjennom EØS-avtalen mellom EFTA og EU, men landbruket er ikkje med. Likevel er det gitt omfattande bilaterale preferansar på landbruksvarer i samhandelen mellom Noreg og EU, gjennom Artikkel 19 og Protokoll 3.	EØS-området består av 30 medlemsstatar. Sveits er ikkje med i EØS.
Frihandelsavtaler*	Frihandelsavtaler er i hovudsak inngått mellom EFTA og tredjeland, men tollpreferansane på landbruksvarer er organiserte bilateralt mellom det enkelte EFTA-land og avtalepartnaren. Tollpreferansane Noreg gir på landbruksvarer er i hovudsak betre enn land får i GSP, og avtalene gir alltid handelspartnarane betre marknadstilgang enn det status som ordinært tredjeland gir. Avtalene med Færøyene og Grønland er bilaterale. Avtala med Storbritannia er med EFTA-landa unntatt Sveits.	Noreg har 32 frihandelsavtaler i kraft (derav 29 er gjennom EFTA), med over 40 land. Det er fleire avtaler som er i prosess for å ratifiserast, under forhandlingar eller det er inngått samarbeidserklæringar. Desse omfattar 20 land.
GSP	Noreg gir på einsidig basis alle utviklingsland betre marknadstilgang, gjennom <i>det generelle systemet for preferansar</i> (GSP). GSP-landa får gjennom det lågare tollsatsar enn ordiner toll for tredjeland. Det er to grupper i GSP. Ordiner GSP-land og GSP+, der land under GSP+ får betre preferanse enn ordiner GSP.	Alle utviklingsland som ikkje har egne bilaterale avtaler med Noreg, tilbydast betre marknadstilgang gjennom GSP.
MUL	Noreg har gitt ytterlegare preferansar innanfor GSP til MUL-landa på einsidig basis. Noreg har gitt disse landa fri marknadstilgang (tollfritt og utan kvoterestriksjonar).	45 land er definert i samsvar med FN som minst utviklede land.
Nulltoll**	Noreg har gitt nokre låginntektsland med under 75 millionar i befolkning tilsvarande preferansar som MUL på einsidig basis. Det vil seie at også desse låginntektsland har fri marknadstilgang (tollfritt og utan kvoterestriksjonar).	For tida 2 land kategorisert som låginntektsland gjennom OECDs DAC-liste ut frå kriteria Noreg nyttar.
SACU***	Tre land innanfor Den sørafrikanske tollunionen (SACU) er gitt fri marknadstilgang til Noreg på landbruksprodukt, med visse unntak. I motsetning til MUL og nulltoll-landa har desse landa fått ei avgrensing i den frie marknadstilgangen ved at dei har kvoteavgrensing på nokre varelinjer som er sensitive for Noreg.	Landa er Botswana, Namibia og Eswatini. Sør-Afrika er ikkje inkludert med fri marknadstilgang.
Ordinære tredjeland	Desse vert handsama med ordinær toll innanfor rammeverket Noreg er forplikta til gjennom landbruksavtalen i WTO.	Dette gjeld land utanfor GSP og utan særskilte avtaler om preferansar med Noreg utover det som ligg i WTO.

* Frihandelsavtala mellom Storbritannia og Noreg, samt EFTA-landa Island, Liechtenstein er ei av avtalene. Frå 1.1. 2021 var Storbritannia ute av tollunionen, og handelen vart regulert gjennom ei mellombels bilateral frihandelsavtale fram til den endelege frihandelsavtala trådde i kraft 1. desember 2021.

** Knappe 50 land har potensielt tilgang til tollfritid til Noreg i 2023 innanfor ordningane GSP/MUL og nulltoll-land (Tolletaten, u.å. og FN, 2023). Talet varierer litt frå år til år, spesielt opp mot Nulltollland utfrå DAC-lista.

***SACU er Den sørafrikanske tollunionen, som består av Botswana, Lesotho, Namibia, Swaziland og Sør-Afrika.

Rammene for oppbygginga av importvernet til Noreg i dag er i hovudsak gitt gjennom:

- Tollvern og importkvotar notifisert i WTO
- Toll og kvotar framforhandla gjennom EØS
- Frihandelsavtaler (FTA) framforhandla gjennom EFTA
- Individuelle bilaterale frihandelsavtaler
- Einsidige innrømmingar Noreg gir til utviklingsland, som Det generelle system for tollpreferansar (GSP), nulltoll-land etter DAC-lista og Minst utviklede land (MUL)

I tillegg til tollvernet med tollavgifter og kvotar, består importvernet òg av fleire deler, som krav kring helse- og mattryggleikparameter med grenseverdiar for reststoff av kjemisk plantevern, hindre smittsame matborne sjukdomar, krav til dyre- og plantehelse ved handel med levande plantemateriale og livdyr, samt ulike andre definerte kvalitetsstandardar for at ei vare kan omsetjast i Noreg. Nasjonale reglar må på desse områda òg samsvare med internasjonalt regelverk Noreg har innført. Dei viktigaste rammene ligg i WTO gjennom SPS-avtala om veterinære og plantesanitære tiltak, og i veterinæravtala med EU, samt sikkerheitsmekanismer for mellombelse tiltak i WTO kring marknadstilgang ved spesielle situasjonar⁴.

Veterinæravtala med EU vart på norsk initiativ implementert for å få felles regelverk med EU utover det som låg i EØS-avtala på dette området. Regelverket på desse felta er likevel berre retta inn mot standardar knytt til sjølve produktet, og har ikkje krav til korleis varene er produsert i opphavslandet, som tilhøve kring dyrevelferd, arbeidsvilkår og miljø.

2.1 Reduserte tollsatsar og kvotar

Noreg har gitt mange land betre marknadstilgang enn det som er kravet i WTO-avtala, som vist i tabell 2.2. Betre marknadstilgang vert gitt gjennom kvotar og reduserte tollsatsar. I sum praktiserer Noreg ein handelspolitikk på landbruksvarer, der om lag to tredjedelar av verdas land er gitt betre marknadstilgang enn det Noreg er forplikta til å handheve gjennom bestevilkårsregelen⁵ i WTO-avtala (T. Tufte, 2011).

Noreg har gitt ei rekke land lågare tollsatsar på ulike produkt, gjennom einsidige innrømmingar til utviklingsland, gjennom EØS-avtala til EU og EFTA, og til land Noreg har inngått frihandelsavtaler med. Betre marknadstilgang gjennom reduserte tollsatsar er gitt

⁴ I WTO er dette spesifisert under Special Safeguard Mechanism (SSM) and Special Agricultural Safeguard (SSG) (WTO, u.å.b).

⁵ Under varehandelen i WTO er marknadstilgangen underlagt bestevilkårsregelen, kalla «most favoured nation» (MFN). Bestevilkårsprinsippet er eit ikkje-diskrimineringsprinsipp som nyttast både innanfor WTO og i andre avtaler mellom land. Kjernen i prinsippet er at eit produkt frå eit land ikkje skal handsamast dårlegare enn eit tilsvarande produkt framstilt i eit annet land. Alle WTO-medlemmar skal nyte godt av like vilkår. Dersom ein gir ein fordel til eitt land, skal dette gjelde alle andre medlemsland. WTO-avtalen inneheld fleire unntak frå bestevilkårsregelen og dette likehandsamingsprinsippet, mellom anna ved at ein inngår regionale og bilaterale handelsavtaler og ved preferanseordningar for u-land (Henta frå Thuen & Tufte, 2018, som visere til Nærings- og fiskeridepartementet). Tabell 2.1 viser praktiseringa til ulike land innanfor bestevilkårsregelen.

gjennom Artikkel 19-avtala og Protokoll 3 med EU, i bilaterale landbruksavtaler under frihandelsavtalene og ved at Noreg einsidig gir lågare tollsatsar til utviklingsland generelt gjennom GSP-systemet, samt tollfridom til MUL-land og nulltoll-land.

Når stadig fleire land får betre marknadstilgang, enn det ordinære tollregimet, vert styrken i tollvernet generelt svekka, jamfør tabell 2.2. Difor betyr det aukande omfanget av reduserte tollsatsar at tollvernet over tid er svekka betydeleg i høve til det som Noreg har notifisert i WTO. Redusert tollvern gir større importpress som utfordrar avsetjinga av norske råvarer og norske råvareprisar på ei rekke varegrupper.

Noreg gir òg betre marknadstilgang til tredjeland gjennom kvotar. Ei kvote betyr at eit spesifisert volum av ei vare kan innførast til betre vilkår enn den generelle tollsatsen som vert praktisert. På landbruksvarer er kvotane gitt som tollfrie kvotar eller som kvotar der det er tollsatsreduksjon på eit gitt volum. Ein del av importkvotane er eit resultat av landbruksavtala i WTO. Ved etableringa av eit tollbasert importvern i WTO vart det innført kvotar for å sikre at eksisterande handel vart vidareført. Det vart òg etablert kvotar for å fremje meir handel, og medlemslanda vart pålagt å etablere «minimumskvotar» for varer det hadde vore liten eller ingen import av tidlegare. I tillegg til WTO-kvotar har Noreg gitt eksklusive kvotar eller utvida kvotar til mange land. Fyrst og fremst til EU gjennom Artikkel 19, men òg i nokre frihandelsavtaler.

Mest omfattande kvotar i frihandelsavtaler er gitt til Botswana, Namibia og Eswatini kopla til frihandelsavtala med SACU. Eit grovt oversyn over kvotar Noreg har gitt, er vist i tabell 2.3.

I tillegg opnar Noreg for importkvotar for å supplere behov i industrien for råvarer, fyrst og fremst innan korn- og kraftfôrråvare. Dette er kvotar med administrativt redusert toll. Innanfor kvotar med administrert tollfastsetting er hovudregelen at prisen på importerte råvarer skal ha lik pris med norske råvarer. Desse kvotane med administrert tollfastsetting varierer med andre ord etter nasjonalt behov for råvarer.

Tabell 2.3 Forenkla samanstilling av tollkvotar Noreg har gitt (basert på Prop. 1 LS (2022–2023 og Prop. 1 LS (2023–2024)).

Utvalde kvotar etter tolltariffen	Tonn
Kjöt (kap. 2)	
- Storfekvotar samla (02.01 og 02.02)	7 784
- Svin samla (02.03, 02.06 og 02.10)	3 541
- Småfe samla (02.04)	1 206
- Fjørfe samla (02.07)	1 971
Mjolk, meieriprodukt, egg og honning (kap. 4)	
- Ost (04.06)	8 600
- Smør (04.05)	575
- Egg (04.07)	1 633
Poteter og grønsaker (kap. 7)	
- Poteter samla (07.01 og 7.12)	5 210
- Kål (07.04)	268

- Salat (07.05)	1 320
- Erter (07.08)	60
Frukt og bær (kap. 8)	
- Eple/pærer (08.08)	10 650
- Jordbær (08.10)	360
- Jordbær/bringe bær konserveres samla (08.11)	5 968
- Kirsebær/solbær konserveres (08.11)	340
Korn (kap.10) (Kvotar for korn og kraftfôrråvare for marknadsregulering utelate)	
- Durumhvetete samla (10.01)	16 000
- Mais til dyrefôr (10.05)	18 000
Mel (kap. 11)	
- Maisgrits til dyrefôr (11.03)	12 000
Oljeholdige frø og frukter (kap. 12)	
- Diverse frø (12.09)	1 465
- Høy (12.14)	42 500
Kjøttprodukt (kap. 16)	
- kjøttprodukt samla (16.01 og 16.02)	1 590
Sukker og sukkervarer (kap. 17)	
- Melasse til dyrefôr (17.03)	40 000
Frukt, grønnsaksprodukt o.l. (kap. 20)	
- Grønnsaksblandingar (20.05)	500
- Poteter halvfabrikat (20.05)	3 650
- Eple/blåbærkonsentrat (20.09)	3 800

Høvesvis mange av kvotane er etablert gjennom Artikkel 19-forhandlingar og avtaler med EU. Vidare er det gitt kvotar til EFTA og i nokre frihandelsavtaler, men desse kvotane er i eit langt meir avgrensa omfang. Kvotane gitt i slike avtaler er ikkje ein del av dei kvotane Noreg har plikt til å ha gjennom WTO-avtala.

Spesielt har Noreg gitt mange og store kvotar eksklusivt til EU. Til dømes under kapittel 2 er kvotar på 2500 tonn storfekjøtt, 1500 tonn svinekjøtt og 950 tonn fjørfekjøtt gitt til EU. På ost er kvoten til EU 8400 tonn, men 299 tonn er no gitt frå EU til Storbritannia, som ein del av avtala kring Brexit. På poteter (kapitel 7) er 2800 tonn gitt til EU, og for poteter halvfabrikat er 3000 tonn gitt til EU. Det er tilsvarande mønster under frukt og bær (kapittel 8), der EU har kvote på 2000 tonn eple, 2500 tonn jordbær og 950 tonn bringebær.

Noreg har også ein del eksportkvotar til EU, men desse vert i liten grad utnytta, då Noreg har høvesvis svak konkurransekraft på eksport av landbruksvarer (Landbruksdirektoratet, 2022). Noreg har også innvilga kvotar til EFTA, samt under frihandelsavtaler der kvotane til Botswana, Namibia og Eswatini (SACU) utgjer eit høvesvis stort volum. Elles har Noreg gitt rimeleg få kvotar i frihandelsavtaler, men det er gitt kvotar til nokre land også her. Resterande kvotar er WTO-kvotar, og desse er ein del av landbruksavtala i WTO frå 1995. Noreg har notifisert desse, og dei er bindande gjennom WTO-avtala.

Kvotar er utfordrande for avsetjinga av norske råvarer, spesielt på storfekjøtt og ost, der dei utgjer ein markant del av marknaden. Kvotar reduserer heimemarknaden og kan gi prispress på norske råvarer.

2.2 RÅK – Protokoll 3

Protokoll 3 i EØS-avtala gjeld definerte industrielt tilverka landbruksvarer .Varene inngår i den frie vareflyten, men med utjamning av råvareprisforskjellen mellom land (RÅK-ordning) (EØS-avtala 2024).

RÅK-ordninga har som mål å:

- sikre avsetjinga av innlandske råvarer frå eige jordbruk
- legge til rette for konkurranse i industriledet, utan at ein skal konkurrere på råvareprisen

Verkemidla for å utjamne ulik råvarepris er å gi kompensasjon til matindustrien for ulik råvarepris gjennom toll på import og/eller prisnedskrivning til industri på norske råvarer i definerte produkt⁶. EFTA-medlemar og land som har frihandelsavtaler med Noreg, får som hovudregel tilgang på tilsvarende marknadstilgang i Noreg som EU får på RÅK-varer.

Tabell 2.4 Døme på tollsatsar med ordinær toll (WTO), praktisert tollsats (tredjelandstoll), GSP-tollsats, og RÅK-tollsats på yoghurt og flatbrød (Thuén & Tufte, 2018)

Produkt	Varenummer i tolltariffane	Ordinærtoll (bunden) i kr	Tredjelandstoll praktisert	GSP-toll i kr	EØS/EFTA-RÅK toll i kr	FTA-RÅK toll i kr
Yoghurt med innhald av smaksstoff	04.03.10.91	20,54	5,87	5,87	3,10	3,10
Flatbrød	19.05.9032	10,26	9,33	4,15	2,75	2,75

Målet med varer i RÅK-ordninga er å sikre avsetjing av nasjonale råvarer, samstundes som matindustrien skal konkurrere på alle andre parameter, som stordrift/arbeidskraft/løn/teknologi, men ikkje på råvareprisane til bøndene.

RÅK-ordninga er ei tovegs ordning mellom EU og Noreg, der båe partar brukar ordninga. Produkta innanfor Protokoll 3, som vert omtalt som RÅK-varer, er definerte varer etter varenummer i HS⁷ i Tabell 1 i Protokoll 3.

Dømer på produkt innanfor RÅK-systemet er sjokolade, iskrem, bakarvarer som deigar, brød, kaker og pizza, smakstilsatt yoghurt og drikkeprodukt som sjokolademjolk. For å samstundes legge til rette for bruk av nasjonale råvarer og konkurranse i matindustrien er det i


⁶ Fram til 31.12.2020 inngjekk også eksportrestitusjon som kompensasjonstiltak, men eksportstøtta er avvikla.

⁷ Det harmoniserte systemet (HS) er skilddring og koding av handelsvarer. Det er dette systemet som ligg til grunn for produktdefinisjonar og tilhøyrande tollsatsar på ulike produkt i internasjonal handel, som i WTO-avtalene. Den norske tolltariffen, som dei fleste andre land sine handelsregimer, er bygd opp etter HS-nomenklaturaen.

samhandelen mellom Noreg og EU bygd opp eit system med råvarepriskompensasjon (RÅK) på definerte vareslag. Tollsatsen nytta på RÅK-varer skal ikkje gi noko sterkare vern enn å utlikne ulik råvarepris mellom Noreg og EU, slik at industrien i både EU og Noreg får kompensasjon for ulik råvarepris på varer som inngår i den frie vareflyten i EØS.

Tabell 2 i Protokoll 3 definerer varer der handelen skal skje utan bruk av toll og subsidiar, og er ein del av den frie vareflyten utan råvarekompensasjon. Dømer på varer i Tabell 2 er kakao, kakaosmør, kaffi og tomatpuré. Alle landbruksvarer som ikkje er oppgitt og definert i Protokoll 3, høyrer i praksis til under Artikkel 19 i EØS-avtala.

Figur 2.1 Samla norsk RÅK-handel i verdi (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).



AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB


Det er handelen med EU som er klart mest omfattande for RÅK-varer, og importverdien har auka jamt og markant på heile 2000-talet, som vist i figur 2.2. Også volumet av RÅK-import under tabell 1, som for samla importvolum vist i figur 3.2, gjekk noko ned frå 2022 til 2023, frå 733 000 tonn til 667 000 tonn, som er ein reduksjon på 9 prosent (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024)..

Kombinasjonen betra marknadstilgang til EU og omleggingane av dei økonomiske overføringane innanfor CAP i EU utover 2000-talet, gjer at konkurransen i jordbruket og

matindustrien i all hovudsak skjer i den norske marknaden mellom norske gardbrukarar og EUs gardbrukarar, og i norsk matindustri og matindustrien til EU-landa⁸.

Auka importpress frå EU til Noreg, som kjem mellom anna som eit resultat av reduserte råvareprisar i EU, som har gått frå eit høgt nivå til tilnærma verdsmarknadsprisar, og meir utbreidd stordrift i matindustrien, speglast tydeleg på RÅK-varer som er handsama innanfor den frie vareflyten i EØS, som vist i figur 2.2 og 2.3.

Figur 2.2 Samhandelen mellom EU og Noreg på RÅK-varer i verdi (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).




AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB

Importen av RÅK-varer frå EU utgjer eit betydeleg volum og har auka markant gjennom 2000-talet, medan norsk eksport har hatt ei langt svakare utvikling. Dermed er nettoimporten av RÅK-varer frå EU til Noreg langt høgare i dag enn tidlegare.

⁸ For ei drøfting av endringar i Den felles landbrukspolitikken til EU, sjå til dømes Tuft (2014), «CAP-reformer: Auka eksport og styrka tollvern» (Rapport 2-2014).

Figur 2.3 Samhandelen mellom EU og Noreg på RÅK-varer i volum (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).



AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB

Dømer på RÅK-import

Smaksett yoghurt er eit døme på RÅK-produkt som konkurrerer direkte med norskprodusert yoghurt. I 2023 vart det importert kring 3 300 tonn yoghurt under RÅK-ordninga.

Eit anna døme kring RÅK-importen er importutviklinga av bakarvarer og påverknaden den auka importen har for etterspørselen etter norsk matkorn, mjøl og produkt frå norsk bakarbransje.

Importen av heil- og halvfabrikerte bakverk, som er RÅK-varer, har auka over lang tid. Importen av ferdige RÅK-varer inneheld eit betydeleg volum kornråvare om ein reknar importen om til korn-ekvivalentar.

Figur 2.4 viser eit grovt estimat for kva RÅK-importen av bakarvarer og kornprodukt under kapittel 19 med utvalde varelinjer frå HS-posisjonane 19.01, 19.02 og 19.05 utgjør omreknar til estimert kornråvarevolum. Estimatet av RÅK-importen målt i kornkvivalentar, med dei valte føresetnadane, viser at importen utgjorde eit kornvolum på nær 150 000 tonn korn-ekvivalentar årleg for 2020-2022, som er kring tre gonger så mykje som i år 2000, men i 2023 vart volumet redusert til dryge 141 000 tonn. Årsakene til at importvolumet stabiliserte seg i 2022 på 2021 nivået, og den påfølgjande reduksjon i 2023 er samansette, men svak kronekurs, relativt høge kornprisar på verdsmarknaden, og dermed redusert prisgap mellom norsk kornpris og internasjonal kornpris er faktorar som truleg har gjort RÅK-import av bakarvare noko mindre attraktivt i 2023.


Konsekvensane av bakarvareimporten, er at norsk matindustri, som lager produkt basert på norsk mjøl, vert kontinuerleg utsett for konkurranse frå importert bakverk i den norske

marknaden. Importerte ferdigvarer som brød, pizza og kjeks, og halvfabrikat som deigar, erstattar tilsvarande norskproduserte varer basert på norsk korn og mjøl i eit aukande omfang.

Det gir igjen ringverknader for etterspurnaden etter norsk matkorn og mjøl frå møllene. Når norsk bakarbransje vert svekkja i konkurransen mot importerte bakarvarer, vert avsetningsmoglegheitene for norsk matkorn redusert, fordi forbruket av norskprodusert mjøl med innhald av norsk kornråvare vert lågare, ut frå at ferdigprodukt tek marknadsdelar frå norskproduserte varer frå norsk bakar- og matindustri.

Grovt rekna, i eit normalår, går kring 70 prosent av norsk produsert mjøl til baker- og matindustrien, medan 30 prosent vert selt i daglegvarehandelen dagligvarehandelen. Dermed er mjøl brukt i norsk matindustrien den desidert største og viktigaste avsetningskanal for norsk matkorn (Thuen & Tufte, 2023).

Figur 2.4 Estimat av RÅK-import av bakarvarer og tilverka kornprodukt omrekna til estimerte korn-ekvivalentar for perioden 2000–2023 (Felleskjøpet Agri, 2024⁹).



⁹ Estimateret er basert på utvalde varelinjer frå HS-posisjonane 19.01 og 19.02 og 19.05, der det er lagt til grunn ei utmalingsgrad på 78 prosent, og eit mjølinnhald på 40 prosent under 19.01 og 19.02 og 67 prosent på under 19.05.

3 Norsk landbruksvarehandel


Det har over lang tid vore ei auke i importen av landbruksvarer til Noreg, og importen har auka meir enn eksporten, med vekst i handelsunderskotet. Importauka har skjedd innanfor dei fleste varegrupper, òg på produkt tilknytt dei norske kjerneproduksjonane som kjøt, mjølk, grønt, korn og innsatsfaktorar til fôr i perioden, sjølv om det er variasjonar i enkelte år innafor perioden. Dermed er situasjonen at importen utfordrar norsk produksjon der importen tek auka marknadssdelar innanfor fleire varesegment.

3.1 Landbruksvarehandelen i verdi

Figur 3.1 viser utviklinga i handelen frå år 2000 til og med 2023. Noreg importerte landbruksvarer for 113,6 milliardar kroner i 2023. Det er 10,7 milliardar høgre enn i 2022, som gir ein vekst på 10 prosent. Norsk eksport auka òg markant, frå 16,8 milliardar i 2022 til 19,5 milliardar kr i 2023. Ein vekst på 16 prosent. Det har vore ein markant vekst i importverdien dei tre siste åra, med høvesvis 9 prosent i 2021, 15 prosent i 2022 og 10 prosent i 2023.

EU er den største handelspartnaren til Noreg på landbruksvarer. Importen frå EU var 68,6 milliardar kroner i fjor, og det utgjorde 50 prosent av importverdien. Den norske eksporten til EU var på 10,4 milliardar kroner, som utgjorde 53 prosent av den norsk eksportverdien. Det norske handelsunderskotet på landbruksvarer var 94,1 milliardar i 2023.

Figur 3.1 Norsk import og eksport av landbruksvarer fordelt på total og samhandel med EU for perioden 2000–2023 (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).



AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB

Det er høvesvis få land som står for ein stor del av den norske samhandelen på landbruksvarer. Som vist i tabell 3.1, utgjør importen frå dei ti største 60 prosent av den samla importverdien, og tilsvarende 76 prosent av den samla norske eksportverdien. Nabolanda Danmark og Sverige er dei aller største handelspartnarane på både import- og eksportsida.

Tabell 3.1 Dei ti største handelspartnarane og deira del av den samla handelen i 2023 etter verdi (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).

Land import	Import 2023 i kr	Land eksport	Eksport 2023 i kr
Danmark	10 598 449 421	Sverige	3 420 718 519
Sverige	9 241 703 734	Danmark	2 769 277 193
Nederland	8 153 285 030	Storbritannia	1 468 394 817
Brasil	6 986 789 140	Tyrkia	1 184 288 781
Frankrike	6 525 855 552	Island	1 118 352 137
Tyskland	6 296 602 952	USA	1 115 930 448
Italia	5 508 737 484	Tyskland	1 032 463 281
Spania	5 420 443 016	Russland	1 017 077 359
Polen	4 468 189 417	Færøyene	931 266 202
Storbritannia	4 375 078 158	Nederland	766 087 969
Øvrige land	45 978 596 162	Øvrige land	4 715 924 215
Totalt	113 553 730 066	Totalt	19 539 780 921
Del av importverdi 10 største	60 %	Del av eksportverdi 10 største	76 %

AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB

Tabell 3.2 gir eit oversyn av importen av landbruksvarer for 2022 og 2023 i verdi, og endringa mellom åra, vist i prosent. Tilsvarande framstilling for eksporten i tabell 3.3.

Tabell 3.2 *Importen av landbruksvarer til Noreg etter HS, i verdi og endring 2022–2023, i prosent (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).*

Tolltariffens kapittel 1–24+35 (unntatt kap. 3)	2022	2023	Endring %
Import til Noreg i kroner			
Levande dyr (1)	358 042 110	258 550 853	-28
Kjød (2)	1 556 838 888	1 268 352 097	-19
Mjølkk, meieriprodukt, egg og honning (4)	1 897 911 761	2 229 153 518	17
Animalske produkt elles (5)	781 645 164	677 708 391	-13
Levande planter (6)	2 391 717 648	2 480 288 184	4
Poteter og grønsaker (7)	4 971 890 891	5 775 837 437	16
Frukt og bær (8)	7 480 858 696	8 147 223 331	9
Kaffe og te (9)	3 005 928 529	3 135 746 798	4
Korn (10)	2 063 326 877	1 947 075 691	-6
Mel (11)	4 081 378 517	4 881 262 910	20
Oljeholdige frø og frukter (12)	3 465 896 656	3 806 102 402	10
Skjellakk, gummo osv. (13)	196 103 287	215 113 637	10
Vegetabilske flettematerialer (14)	32 396 551	28 675 923	-11
Animalske og vegetabilske oljer (15)	16 304 238 790	18 264 592 636	12
Kjødprodukt (16)	536 384 769	627 488 277	17
Sukker og sukkervarer (17)	2 173 718 633	2 901 942 423	34
Kakao og sjokolade (18)	2 673 540 135	3 389 264 078	27
Bakarvarer (19)	6 664 980 414	8 099 246 451	22
Frukt-/grønsaksprodukt o.l. (20)	2 838 410 571	3 348 218 725	18
Forskjellige tilverka næringsmiddel (21)	5 446 546 962	6 431 142 088	18
Drikkevarer (22)	10 354 801 730	11 439 316 752	10
Tilverka dyrefør (23)	18 342 252 781	18 423 124 616	0
Tobakk (24)	4 849 094 336	5 093 347 808	5
Protein, modifisert stivelse osv. (35)	294 492 515	366 304 342	24
Totalt	102 762 397 211	113 235 079 368	10
AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB			

Tabell 3.3 Eksporten av landbruksvarer frå Noreg etter HS, i verdi, og endring 2022–2023 i prosent (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).

Tolltariffens kapittel 1–24 + 35 (unntatt kap. 3)	2022	2023	Endring %
Eksport frå Noreg i kroner			
Levande dyr (1)	85 198 115	138 406 959	62
Kjøtt (2)	264 762 875	309 261 434	17
Mjølkk, meieriprodukt, egg og honning (4)	740 115 354	145 195 126	-80
Animalske produkt elles (5)	360 772 586	364 220 652	1
Levande planter (6)	50 225 522	48 101 280	-4
Poteter og grønnsaker (7)	7 463 397	37 053 382	396
Frukt og bær (8)	41 275 155	66 716 762	62
Kaffe og te (9)	61 632 502	92 827 283	51
Korn (10)	6 691 115	9 384 501	40
Mel (11)	54 420 653	42 099 466	-23
Oljeholdige frø og frukter (12)	47 767 601	47 622 686	0
Skjellakk, gummo osv. (13)	1 246 822	3 172 394	154
Vegetabilske flettematerialer (14)	132 192	822 189	522
Animalske og vegetabilske oljer (15)	3 517 564 187	4 405 788 783	25
Kjøttprodukt (16)	69 005 862	52 487 919	-24
Sukker og sukkervarer (17)	51 879 131	42 863 716	-17
Kakao og sjokolade (18)	402 635 395	589 054 358	46
Bakarvarer (19)	738 517 226	846 562 567	15
Frukt-/grønnsaksprodukt o.l. (20)	139 621 779	185 050 973	33
Forskjellige tilverka næringsmiddel (21)	2 688 841 471	3 122 236 549	16
Drikkevarer (22)	1 122 500 452	1 209 425 917	8
Tilverka dyrefôr (23)	5 852 386 831	7 188 201 002	23
Tobakk (24)	31 612 020	23 962 378	-24
Protein, modifisert stivelse osv. (35)	303 964 525	180 371 765	-41
Totalt	16 640 232 768	19 150 890 041	15
AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB			


3.2 Landbruksvarehandelen i volum

Figur 3.2 viser handelen i både verdi og volum. I all hovudsak samvarierer desse rimeleg bra, om ein ser utviklinga for heile perioden, men med unntak på enkelt år som dei to siste (2022 og 2023), der det er vekst i importverdi og redusert importvolum. Samstundes vert tilhøvet mellom verdi og volum påverka av faktorar som til dømes pris- og valutasvingingar på varer, samt variasjonar i volum ut frå importportefølja, som til dømes ut frå kor gode kornavlingane i Noreg er eller fôrbehovet i oppdrettsnæringa.

Ser ein på utviklinga på både verdien og volumet i 2023 er det sterk vekst i verdi, medan det er ein tydeleg nedgang i importvolumet. Veksten i importverdi var som nemnt tidlegare 10 prosent frå 2022 til 2023, mens importvolumet er redusert frå 2022 til 2023, med 3 prosent. Dette er tilsvarende bilete på importen som ein såg frå 2021 til 2022.

Når det gjeld eksport, er det auke både i verdi og volum, der eksportvolumet har auka i med 6 prosent frå 2022 til 2023. Dette kjem truleg frå mellom anna svak kronekurs og høgre internasjonale råvareprisar relativt til norske råvareprisar dei siste to åra (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).

Figur 3.2 Norsk import og eksport av landbruksvarer i volum og verdi 2000–2023 (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).



Tabell 3.4 gir eit oversyn av importen av landbruksvarer for 2022 og 2023 i volum, og endringa mellom åra er vist i prosent. Tilsvarende er vist for eksporten i tabell 3.5.

Tabell 3.4 Importen av landbruksvarer til Noreg etter HS, i mengde og endring 2022–2023, i prosent (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).

Tolltariffens kapittel 1–24 + 35 (unntatt kap. 3)	2022	2023	Endring %
Import til Noreg i kg			
Levande dyr (1)	821 688	593 931	-28
Kjøtt (2)	24 215 507	13 540 160	-44
Mjølkk, meieriprodukt, egg og honning (4)	30 278 899	30 208 901	-0
Animalske produkt elles (5)	75 983 441	68 561 295	-10
Levande planter (6)	57 761 398	50 627 486	-12
Poteter og grønnsaker (7)	499 193 461	487 261 593	-2
Frukt og bær (8)	361 681 836	349 616 938	-3
Kaffe og te (9)	43 115 100	42 258 187	-2
Korn (10)	485 781 193	449 538 237	-7
Mel (11)	263 951 416	249 736 346	-5
Oljeholdige frø og frukter (12)	375 153 381	438 350 828	17

Skjellakk, gummo osv. (13)	1 391 594	1 285 848	-8
Vegetabilske flettematerialer (14)	3 626 549	3 896 920	7
Animalske og vegetabilske oljer (15)	792 522 752	770 599 197	-3
Kjøttprodukt (16)	6 122 847	5 992 618	-2
Sukker og sukkervarer (17)	209 066 261	206 153 632	-1
Kakao og sjokolade (18)	44 091 761	46 071 867	4
Bakarvarer (19)	223 398 484	214 314 709	-4
Frukt-/grønsaksprodukt o.l. (20)	138 398 700	129 611 907	-6
Forskjellige tilverka næringsmiddel (21)	119 223 895	118 292 383	-1
Drikkevarer (22)	451 631 910	409 022 375	-9
Tilverka dyrefôr (23)	1 379 947 577	1 351 440 336	-2
Tobakk (24)	4 852 769	4 751 658	-2
Protein, modifisert stivelse osv. (35)	10 796 281	8 537 452	-21
Totalt	5 603 008 700	5 450 264 804	-3
AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB			

Tabell 3.5 Eksporten av landbruksvarer frå Noreg etter HS, i mengde og endring 2022–2023, i prosent (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).

Tolltariffens kapittel 1–24 + 35 (unntatt kap. 3)	2022	2023	Endring %
Eksport frå Noreg i kg			
Levande dyr (1)	354 726	427 662	21
Kjøtt (2)	7 531 032	7 385 621	-2
Mjølkk, meieriprodukt, egg og honning (4)	34 731 620	6 869 312	-80
Animalske produkt elles (5)	185 840 942	186 778 829	1
Levande planter (6)	1 151 977	1 057 081	-8
Poteter og grønnsaker (7)	702 752	6 227 234	786
Frukt og bær (8)	1 176 185	1 823 477	55
Kaffe og te (9)	685 698	950 776	39
Korn (10)	891 500	612 675	-31
Mel (11)	5 004 842	1 153 641	-77
Oljeholdige frø og frukter (12)	1 933 888	1 986 801	3
Skjellakk, gummo osv. (13)	9 622	44 149	359
Vegetabilske flettematerialer (14)	7 690	29 425	283
Animalske og vegetabilske oljer (15)	223 341 618	223 784 713	0
Kjøttprodukt (16)	441 218	330 734	-25
Sukker og sukkervarer (17)	1 123 715	755 560	-33
Kakao og sjokolade (18)	8 320 909	8 989 320	8
Bakarvarer (19)	17 451 464	17 392 345	0
Frukt-/grønsaksprodukt o.l. (20)	2 476 949	3 107 749	25
Forskjellige tilverka næringsmiddel (21)	18 428 413	19 019 304	3
Drikkevarer (22)	133 873 084	141 087 578	5
Tilverka dyrefôr (23)	486 564 852	569 757 205	17
Tobakk (24)	35 144	11 789	-66
Protein, modifisert stivelse osv. (35)	4 906 771	2 602 689	-47
Totalt	1 136 986 611	1 202 185 669	6
AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB			

3.3 Handelen med utvalde varer (ost, kjøt og kornprodukt)

Det er eit vedvarande og høgt importpress innanfor ei rekke av dei norske kjerneproduksjonane, som mjølk, kjøt, korn og grønt. I det følgjande vil nokre dømer på handelen knytt til produksjonsretningane mjølk, kjøt og kornprodukt verte presentert.

3.3.1 Ost og storfekjøt

Det er ei trend at norske kjerneproduksjonar knytt til råvarer frå storfehaldet er og har vore under aukande importpress, spesielt frå kring år 2005 og framover. Importert storfekjøt og importen av ulike meieriprodukt har etter kvart teke betydelege marknadsdelar frå norske produsentar.

Årsaker til utviklinga er samansette. Likevel er det at Noreg har gitt større og fleire kvotar til EU ei viktig forklaring, samt at det er aukande import til ordinær toll, spesielt på meieriprodukt frå EU. Ei anna årsak er at det har vore underdekning av norsk storfekjøt i fleire år, noko som har ført til import av storfekjøt for å balansere marknaden, det siste to åra har derimot biletet endra seg og betydelege volum av norsk svin og storfekjøt er fryst på reguleringslager (Totalmarked kjøtt og egg, u.å.).

Vidare er CAP-reformene utover 2000-talet relevante, for gjennom reformene har EU redusert råvareprisnivået og dermed styrka konkurransekraft for matindustrien til EU i den norske marknaden. Dette har spesielt stor betydning for import til ordinærtoll, som ost og import av ulike ferdigprodukt under Protokoll 3 (RÅK). Thuen & Tufte (2023) viser til at råvareprisane til EU har gått frå å ligge 70 prosent over prisnivået på verdsmarknaden i 1986 til å ligge 5 prosent høgare i 2012.


Ost og yoghurt er produkt som er direkte utfordra gjennom priskonkurranse med tilsvarande produkt frå EU. Siste ti åra har Noreg gått frå å vere nettoeksportør av ost til å ha ein betydeleg nettoimport, som figur 3.3 illustrerer. Auka osteimport er utfordrande fordi den pressar avsetjing av norsk mjølk, då kring 50 prosent av norske mjølkeleveransar vanlegvis vert nytta til osteproduksjon (Landbruksdirektoratet, 2021 og 2023). Det er store tollfrie kvotar på ost, og figur 3.4 viser importen av ost fordelt på kvoteimport, import til ordinær toll og import under ordninga for utanlandsk tilverking.

Vidare har det vore underdekning på norsk storfekjøt over tid, men ikkje siste året. I periodar med underdekning har det vore hyppige periodar med administrativt nedsett toll på skrott av storfe for å dekke etterspurnaden i marknaden. Den utstrekte bruken av administrativ tollnedsetjing på storfeskrott for å balansere marknaden, i kombinasjon med eksisterande permanente kvotar, kan forsterke utfordringane kring marknadsreguleringa opp mot norske råvareprisar, rett produksjonsvolum og avsetjing over tid, spesielt opp mot sesongvariasjonar i slakteleveransar og etterspurnad etter råvare i matindustrien, samt i sluttmarknaden.

Dei siste ti åra har importert storfekjøtt utgjort mellom 10 og 22 prosent av det årlege engrosforbruket, som vist på høgre akse i figur 3.5, medan importdelen i 2023 var 9 prosent, som svarar til om lag det delen importkvotane utgjorde av engrosmarknaden.

Figur 3.3 og 3.5 er dømer som illustrerer ei utvikling der auka import konkurrerer med norske kjerneproduksjonar i den norske heimemarknaden, og der importen tek betydelege marknadsdelar. Dermed vert det reduserte avsetjingsmoglegheiter for norske råvarer og tilverka varer produsert av norske bønder og norsk matindustri.


Figur 3.3 Import og eksport av ost 2009–2023 i tonn¹⁰
(Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).



AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB

¹⁰ Importen er inkludert utanlandsk tilverka ost, som er ost laga på norsk mjølk, der norsk mjølkeråvare vert utført til andre land som framstiller ost av mjølka for så å innføre den tollfritt til Noreg. Dei siste ti åra har volumet innført av utanlandsk tilverka ost vore på dryge 2000 tonn årleg. Volumtal på utanlandsk tilverking av ost er oppgitt av Landbruksdirektoratet etter forespurnad.


Figur 3.4 Utviklinga i import av ost 2009–2023, fordelt på kvoteimport, ordinærtoll og import under utanlandsk tilverking¹¹ ((Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).



AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB

¹¹ EFTA har i tillegg ein ostekvote på 200 tonn, og 101 tonn ost vart importert frå Sveits i 2023. EU ga Storbritannia (GB) 299 tonn av ostekvote til EU på 8 400 tonn ved utmeldinga. Importen frå Storbritannia var 157 tonn i 2023. 99 prosent av osteimporten kom frå EU i 2022.

Figur 3.5 Norsk produksjon av storfekjøtt, import og importandel av engrosforbruket 2001–2023 (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024; BFJ, 2023; Animalia, 2024).



AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB

3.3.2 Kjøtt og kornprodukt

Sjølv om det er import av storfekjøtt som har utgjort dei største voluma av kjøtråvarer siste åra, er det ein del handel med kjøtråvarer frå andre dyreslag òg. Særskilt av svinekjøtt, der Noreg tradisjonelt har hatt større eksport enn import, men seinare åra har dette snudd og importen har vore større enn eksporten, men i 2023 var eksporten igjen høgre enn importen.

For kornråvare er det årleg suppleringsimport, då den norske kornavlinga ikkje dekkjer det nasjonale forbruket av mat- og fôrkorn. Suppleringsbehovet vert importert gjennom kvoter med redusert eller ingen tollsats (administrativt fastsett toll). I døma på kornprodukt under, er det mel og ferdigvarer, som det ikkje er suppleringsimport av som er presentert. Då importen av mel og bakarvarer er i konkurranse med norsk mel og norsk bakarvareindustri.

Thuen & Tufte (2023), viser til at, noko forenkla, kan ein fordele det samla forbruket av matkorn i Norge til om lag 1/3 norsk matkorn, 1/3 importert matkorn og 1/3 korn frå halvfabrikata og ferdigvarer (RÅK-varer), men dette forholdet varierer noko frå år til år, spesielt ut frå kor gode kornåra er i Noreg på tilgangen til norsk matkorn.

Kjøtt

Tabell 3.6 viser eit oversyn på import og eksport av kjøtråvarer fordelt etter dyreslag etter HS, samt samla import og eksport av kjøtråvarer under kapittel 2 (kjøtt og spiseleg slakteavfall) i Tolltariffen.

Tabell 3.6 *Norsk import og eksport av kjøtråvarer 2019–2023 (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).*

Import og eksport* av kjøtt under kapittel 2 i tolltariffen i tonn					
	2019	2020	2021	2022	2023
Storfe import (HS 02.01 og 02)	10 329	16 182	21 369	14 858	8 702
Storfe eksport (HS 02.01 og 02)	60	15	66	72	4
Svin import (HS 02.03)	936	6 125	12 660	4 726	356
Svin eksport (HS 02.03)	3 665	3 261	2 617	1 841	1 960
Sau/lam/geit import (HS 02.04)	481	289	814	809	1 064
Sau/lam/geit eksport (HS 02.04)	634	273	9	18	33
Fjørfe import (HS 02.07)	956	1 161	1 480	1 218	925
Fjørfe eksport (HS 02.07)	1 166	1 789	1 382	1 229	1 359
Samla import (HS 02.01-02.10)	15 738	26 672	39 377	24 208	13 540
Samla eksport (HS 02.01-02.10)	9 002	8 457	7 598	7 531	7 386

AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB *Eventuell utanlandsk tilverking er med i eksportvoluma

Den samla importverdien i 2023 for voluma vist i tabell 3.6 var 1 268 millionar kr (HS 02.01–02.10). Fordelt på varegruppene var det følgjande importverdier i 2023: 810 millionar kr for

storfekjøt (HS 02.01 og 02), 21 millionar kr for svinekjøt (HS 02.03), 121 millionar kr for kjøtt av sau/lam (HS 02.04) og 38 millionar kr for fjørfekjøtt (HS 02.07).


Det vert òg importert tilverka kjøtprodukt som pølser og pålegg, under kapittel 16. I 2023 utgjorde denne importen 5 993 tonn til ein verdi av 628 millionar kroner. Eksporten var 331 tonn til ein verdi av 53 millionar kroner (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024). Mykje av importen under kapittel 16 er produkt framstilt av norske råvarer under utanlandsk tilverking (UT). Det er kvotar på 5 500 tonn i året på utanlandsk tilverking under HS-posisjon 16.01 og 16.02, og UT inngår i importala under kapittel 16 (Lovdata, 2024)

I tillegg kjem importen av kjøt, meieriprodukt, korn, potet og grønt med meir i ulike RÅK-varer, som drøfta i kapittel 2.

Kornprodukt

Tidlegare i kapitel 2, er det vist at importen av tilverka kornprodukt under RÅK-ordninga, som til dømes brød og deigar, utgjør store importvolum omrekna til kornekvivalentar. I tillegg vert det òg importert ein del mjøl, og då fyrst og fremst kveitemjøl til industri- og forbrukarmarknadene. Mjølimporten er vist i figur 3.6.

Figur 3.6 Import av kveitemjøl (HS 11010000 og 11031100) 2009–2023 (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).




Samla importvolum av kveitemjøl vist i figur 3.6 var 2 378 tonn i 2009 og 4 666 tonn i 2023. Importverdien var 53,9 millionar kr i 2023 på kveitemjøl, medan den var på 13,9 millionar kr i 2009. Det meste av importen var frå EU, med 82 prosent av importvolumet. Norsk eksport av kveitemjøl i 2023 var 33 tonn, til ein verdi av 0,7 millionar kr (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).

Importen av bakarvarer under RÅK, er spesielt utfordrande for etterspurnaden og avsetjinga av norsk matkorn, fordi importomfanget påverkar etterspurnaden etter norskprodusert mjøl og bakarvarer. Eit estimat for RÅK-importen av bakarvarer omrekna til korn-ekvivalentar er vist i figur 2.4 (141 000 tonn i 2023), medan figur 3.7 viser RÅK-importen av bakarvarer i reint importvolum på produkta, fordelt på HS-posisjonane 19.01, 19.02 og 19.05. Samla var denne importen i 2023 på dryge 198 000 tonn, og importverdien var 7,4 milliardar kr. Tilsvarende for 2009 var 137 000 tonn med ein importverdien på 2,7 milliardar kr.

Som for mjøl, er det i all hovudsak import av bakarvarer frå EU. I 2023 var 92 prosent av importvolumet av bakarvarer frå EU (181 574 tonn av 198 176 tonn). Norsk eksport av bakarvarer (HS 19.01, 19.02 og 19.05) utgjer høvesvis lite sett opp mot importen, og i 2023 vart 17 000 tonn eksportert, til ein verdi av 808 millionar kr (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).

Figur 3.7 Import av RÅK-varer med korninnhald, fordelt etter HS-posisjon 19.01 (deigar/kakemiks), 19.02 (pasta) og 19.05 (brød/bakverk), 2009–2023 (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).



4 Samhandelen med Storbritannia

Frå 1.1 2021 var Storbritannia formelt ute av tollunionen til EU, og det norske handelssamarbeidet med Storbritannia vart handtert under ei mellombels bilateral frihandelsavtale, i påvente av ei endeleg og varig avtale. I juni 2021 vart ei endeleg frihandelsavtale mellom Storbritannia og EFTA-landa Island, Liechtenstein og Noreg lagt fram, og denne avtala trådte i kraft 1. desember 2021 (Prop. 210 S 2020–2021, Tolletaten, 2021).

I avtala er tollsatsar på landbruksvarer i all hovudsak ei vidareføring av det som var vilkåra under Storbritannia sitt medlemskap i EU. Vidare vil handelsvilkåra for Protokoll 3-varer (RÅK) verte vidareført tilsvarende vilkåra med EU.

Det vart etablert 26 importkvotar til Storbritannia på landbruksvarer, og desse er innanfor dei same varegruppene som EU har kvotar på. Innanfor mjølk har Storbritannia fått ein ostekvote på 299 tonn (HS 4). For ostekvoten var det semje mellom EU og Storbritannia om at skal innførast ved at volumet trekkast frå ostekvota EU har til Noreg. I tillegg er det gitt kronetoll og ikkje prosenttoll på fire britiske faste ostar med geografisk opphavsmerking. Noreg på si side får ein eksportkvote på 513 tonn ost til Storbritannia.


Noreg har òg gitt ei importkvote på 158 tonn kylling (HS 2) og 470 tonn svinekjøt, fordelt på slakt, lever skinke, ribbe og pølse (HS 2 og 16) (Prop. 1 LS (2023–2024)).

Det er gitt to kvotar på kraftfôrråvarer tilknytt mais og maisgrits til dyrefôr. Desse har eit omfang på 5 000 tonn. Det er òg gitt to kvotar for fryste jordbær og fryste bringebær til industri.

4.1 Samhandelen i verdi

Noreg importerte landbruksvarer for knappe 4,4 milliardar kroner frå Storbritannia i 2023, og eksporterte landbruksvarer for 1,5 milliardar. Målt i verdi var Storbritannia det tiande største opphavslandet for import av landbruksvarer til Noreg, medan for norsk eksport var Storbritannia tredje største i 2023. Figur 4.1 viser utviklinga i samhandelen mellom Noreg og Storbritannia siste 10 åra.

Figur 4.1 Norsk samhandel med Storbritannia på landbruksvarer 2014–2023 i verdi (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).



Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse

Dei største varegruppene i verdi er handelsvarer tilknytt fôr, ulike tilverka næringsmiddel og drikkevarer, etylalkohol og eddik, som vist i tabell 4.1. Tilverka dyrefôr (HS 23) er den klart største varegruppa på både import- og eksportsida, med ein import på knappe 2 milliardar kroner og eksport på 736 millionar kroner i 2023. Vidare utgjer forskjellige tilverka næringsmiddel (HS 21) og drikkevarer, etylalkohol og eddik (HS 22) betydelege verdier for baa landa i samhandelen.

Tabell 4.1 Fem største varegrupper¹² i verdi for norsk import frå Storbritannia og norsk eksport til Storbritannia; etter tolltariffens kapittel i millionar kroner i 2023 (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).

Varegruppe	Import millionar kr	Eksport millionar kr
Kap. 7: poteter og grønsaker	336	
Kap. 15: animalske og vegetabilske oljer		172
Kap. 18: kakao og sjokolade		52
Kap. 19: bakarvare	266	
Kap. 21: forskjellige tilverka næringsmiddel	518	311
Kap. 22: drikkevarer, etylalkohol og eddik	466	117
Kap. 23: tilverka dyrefôr	1 955	736
Samla landbruksvarehandel med Storbritannia	4 375	1 468

Tabellane 4.2 og 4.3 viser samhandelen mellom Storbritannia og Noreg i verdi fordelt på import og eksport etter tolltariffens kapittel for perioden 2019 til og med 2023.

¹² Basert på definisjon på landbruksvarer i WTO, sjå note 1.

Tabell 4.2 Norsk import av landbruksvarer fra Storbritannia i verdi 2019–2023
(Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).

Tolltariffens kapittel 1-24 + 35 (unntatt kap 3)	2019	2020	2021	2022	2023
Import til Noreg i kroner					
Levende dyr (1)	17 852 693	20 385 034	11 763 538	21 306 299	9 456 607
Kjøtt (2)	10 471 862	7 190 502	8 130 129	14 507 690	14 763 440
Melk, meieriprodukter, egg og honning (4)	32 358 516	36 693 775	28 145 066	26 605 560	26 098 897
Animalske produkter ellers (5)	5 542 520	5 028 826	3 718 046	4 439 661	7 377 952
Levende planter (6)	3 945 431	5 646 491	4 708 059	5 285 542	5 725 662
Poteter og grønnsaker (7)	69 564 209	98 184 671	188 086 225	260 259 371	336 001 167
Frukt og bær (8)	2 892 604	1 748 476	671 568	559 151	1 195 246
Kaffe og te (9)	37 272 237	40 064 593	40 416 542	58 660 394	54 485 059
Korn (10)	1 003 341	2 199 934	174 236	26 360 417	11 782 335
Mel (11)	169 504 297	387 896 109	255 117 999	458 844 687	89 899 405
Oljeholdige frø og frukter (12)	18 820 351	32 756 070	13 053 811	8 679 783	9 528 190
Skjellakk, gummo osv (13)	3 217 443	5 654 537	5 092 752	9 950 783	14 138 867
Vegetabiliske flettematerialer (14)	86 785	455 953	514 773	222 825	292 368
Animalske og vegetabiliske oljer (15)	265 132 393	168 912 966	591 485 484	296 790 184	126 591 830
Kjøttprodukter (16)	5 646 446	3 007 342	1 037 675	922 037	1 329 650
Sukker og sukkervarer (17)	135 764 569	154 383 362	150 483 647	167 754 037	223 357 752
Kakao og sjokolade (18)	53 915 380	88 550 039	86 142 751	95 234 399	108 780 036
Bakervarer (19)	221 370 228	227 315 636	222 511 911	241 957 570	266 416 043
Frukt- grønnsaksprodukter og lign. (20)	51 249 806	46 912 452	35 754 532	43 950 496	44 793 746
Forskjellige tilberedte næringsmidler (21)	310 778 122	377 397 995	355 833 778	428 141 287	518 027 251
Drikkevarer (22)	383 433 823	427 939 499	378 328 926	432 396 406	466 419 345
Tilberedt dyrefôr (23)	743 390 136	1 681 676 518	1 594 797 995	2 254 025 131	1 954 913 989
Tobakk (24)	6 989 272	9 541 729	3 204 744	30 179 904	8 398 469
Proteiner, modifisert stivelse osv (35)	10 213 334	7 214 083	4 566 221	7 244 255	6 770 115
Totalt	2 560 415 798	3 836 756 592	3 983 740 408	4 894 277 869	4 306 543 421
AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB					

Tabell 4.3 Norsk eksport av landbruksvarer til Storbritannia i verdi 2019–2023
(Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).

Tolltariffens kapittel 1-24 + 35 (unntatt kap 3)	2019	2020	2021	2022	2023
Eksport fra Noreg i kroner					
Levende dyr (1)	2 696 238	2 202 313	711 265	1 640 837	3 178 677
Kjøtt (2)	3 914 693	3 356 741	224 476	411 319	802 859
Melk, meieriprodukter, egg og honning (4)	42 210 282	44 253 421	26 924 359	15 828 750	9 238 810
Animalske produkter ellers (5)	38 012 858	24 496 914	12 134 218	18 559 882	19 527 496
Levende planter (6)		103 800	273 456	5 500	8 500
Poteter og grønnsaker (7)	236 780	179 424	32 784	222 428	63 177
Frukt og bær (8)	3 458 122	10 086		2 621 301	2 256 466
Kaffe og te (9)	9 890 570	5 959 001	1 004 602	2 411 841	3 247 776
Korn (10)	257 597	25 006	19 056	24 058	506 010
Mel (11)	4 615 066	5 471 832	3 492 008	1 084 138	668 819
Oljeholdige frø og frukter (12)	159 373	177 600	51 100	1 079 491	741 793
Skjellakk, gummo osv (13)		93 375	4 138	45 418	13 284
Vegetabiliske flettematerialer (14)				51 632	6 149
Animalske og vegetabiliske oljer (15)	250 506 365	206 442 176	124 409 353	163 822 266	172 009 569
Kjøttprodukter (16)	6 160 481	4 156 999	834 204	1 480 943	968 329
Sukker og sukkervarer (17)	98 570	251 547	200 672	208 352	256 506
Kakao og sjokolade (18)	1 250 630	4 022 905	8 668 783	13 134 302	52 270 555
Bakervarer (19)	5 334 598	2 663 203	2 403 824	3 963 044	6 477 322
Frukt- grønnsaksprodukter og lign. (20)	2 041 913	1 664 285	689 015	2 288 682	2 929 714
Forskjellige tilberedte næringsmidler (21)	56 044 781	96 402 086	238 218 129	189 056 281	311 095 835
Drikkevarer (22)	65 637 777	53 343 654	69 417 483	89 729 748	116 955 260
Tilberedt dyrefôr (23)	998 047 786	576 673 897	723 788 128	742 138 581	735 626 116
Tobakk (24)		39 037	4 304		25 937
Proteiner, modifisert stivelse osv (35)	4 047 758	7 586 263	3 329 797	4 272 463	4 687 606
Totalt	1 494 622 238	1 039 575 565	1 216 835 154	1 254 081 257	1 443 562 565
AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB					

4.2 Samhandelen i volum

Tabellane 4.4 og 4.5 viser samhandelen i volum fordelt på import og eksport etter tolltariffens kapittel for perioden 2019 til og med 2023.

Tabell 4.4 *Norsk import av landbruksvarer til Storbritannia i volum 2019–2023 (Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).*

Tolltariffens kapittel 1-24 + 35 (unntat kap 3)	2019	2020	2021	2022	2023
Import til Noreg i kg					
Levende dyr (1)	40 315	39 066	21 459	24 381	13 007
Kjøtt (2)	78 213	63 378	103 417	131 840	111 609
Melk, meieriprodukter, egg og honning (4)	581 766	618 939	433 301	299 154	230 909
Animalske produkter ellers (5)	1 718 442	840 212	611 834	434 618	1 195 468
Levende planter (6)	178 237	213 866	185 339	165 969	299 565
Poteter og grønnsaker (7)	14 521 263	22 240 253	45 532 871	52 700 359	59 210 788
Frukt og bær (8)	67 275	28 153	8 226	8 149	26 517
Kaffe og te (9)	364 640	328 352	337 127	486 264	364 936
Korn (10)	59 683	141 769	9 664	7 016 378	3 111 313
Mel (11)	12 456 361	32 900 148	18 842 610	27 537 842	5 108 560
Oljeholdige frø og frukter (12)	582 458	1 598 753	212 364	63 253	102 818
Skjellakk, gummo osv (13)	50 093	87 514	71 085	109 277	84 208
Vegetabiliske flettematerialer (14)	1 513	17 229	18 397	17 142	14 569
Animalske og vegetabiliske oljer (15)	28 374 840	13 191 559	45 389 249	16 384 472	9 202 995
Kjøttprodukter (16)	56 310	24 647	9 097	12 060	7 937
Sukker og sukkervarer (17)	20 326 397	21 836 178	18 567 812	15 268 020	15 309 216
Kakao og sjokolade (18)	705 942	1 090 444	1 090 802	1 051 211	1 015 391
Bakervarer (19)	6 757 269	6 406 074	6 460 173	6 862 255	6 103 296
Frukt- grønnsaksprodukter og lign. (20)	1 568 117	1 323 771	912 347	1 121 280	1 205 022
Forskjellige tilberedte næringsmidler (21)	3 704 705	3 785 993	4 284 429	4 836 647	4 384 326
Drikkevarer (22)	13 149 051	13 818 948	11 473 620	11 079 369	9 597 003
Tilberedt dyrefôr (23)	43 136 637	99 775 108	96 106 162	110 397 509	77 163 580
Tobakk (24)	8 463	8 552	6 190	43 345	15 704
Proteiner, modifisert stivelse osv (35)	56 536	51 575	106 237	400 490	147 817
Totalt	148 544 526	220 430 481	250 793 812	256 451 284	194 026 554
AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB					

Tabell 4.5 Norsk eksport av landbruksvarer til Storbritannia i volum 2019–2023
(Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse, 2024).

Tolltariffens kapittel 1-24 + 35 (unntatt kap 3)	2019	2020	2021	2022	2023
Eksport fra Noreg i kg					
Levende dyr (1)	5 000	5 100	5 721	9 750	21 900
Kjøtt (2)	140 148	119 532	25 347	2 394	3 964
Melk, meieriprodukter, egg og honning (4)	1 086 999	1 450 385	1 040 406	975 940	456 781
Animalske produkter ellers (5)	327 428	85 708	22 335	138 316	241 508
Levende planter (6)		2 950	9 309	3 040	1 040
Poteter og grønnsaker (7)	14 462	26 270	416	24 720	1 044
Frukt og bær (8)	50 850	168		39 758	44 191
Kaffe og te (9)	174 487	86 199	12 837	21 845	24 225
Korn (10)	3 040	900	648	2 180	31 310
Mel (11)	1 530 690	1 568 264	918 966	187 982	12 895
Oljeholdige frø og frukter (12)	10 422	10 192	3 150	64 606	20 055
Skjellakk, gummo osv (13)		125	111	200	14
Vegetabiliske flettematerialer (14)				7 271	38
Animalske og vegetabiliske oljer (15)	18 749 684	16 726 313	6 691 319	5 147 271	3 539 535
Kjøttprodukter (16)	26 337	18 429	3 877	6 934	7 285
Sukker og sukkervarer (17)	1 391	2 569	3 492	19 718	2 744
Kakao og sjokolade (18)	43 145	84 196	128 453	182 793	598 383
Bakervarer (19)	130 635	66 064	84 025	107 572	144 202
Frukt- grønnsaksprodukter og lign. (20)	79 654	48 879	20 566	48 935	55 191
Forskjellige tilberedte næringsmidler (21)	770 745	1 184 901	3 056 449	2 252 151	2 629 280
Drikkevarer (22)	5 137 709	3 640 086	6 205 677	8 468 583	10 198 603
Tilberedt dyrefôr (23)	84 994 709	49 714 256	55 275 534	44 577 157	40 115 991
Tobakk (24)		15	17		18
Proteiner, modifisert stivelse osv (35)	31 875	109 544	17 385	24 048	22 127
Totalt	113 309 410	74 951 045	73 526 040	62 313 164	58 172 324
AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB					

Litteratur

- Animalia (2024). *Slaktestatistikk – storfe*. Henta 05.02.2024 frå:
<https://www.animalia.no/no/ravare-og-foredling/klassifisering/>
- BFJ (2023). *Resultatkontroll for gjennomføring av landbrukspolitikken*. Budsjettnemnda for jordbruket. Henta 17.04.2023 frå:
<https://www.nibio.no/tema/landbruksokonomi/grunnlagsmateriale-tiljordbruksforhandlingene>
- EØS-avtala (2024). *PROTOCOL 3 CONCERNING PRODUCTS REFERRED TO IN ARTICLE 8(3)(B) OF THE AGREEMENT*.
- Felleskjøpet Agri (2024). *SSB Import heil og halyfabrikata*. Motteken på e-post 23.01.2024, frå Sindre Flø.
- FN (2023). *Least Developed Countries (LDCs), LDCs at a Glance*. Henta 15.02.2024 frå:
<https://www.un.org/development/desa/dpad/least-developed-country-category/lDCs-at-a-glance.html>
- Landbruksdirektoratet/SSB/AgriAnalyse (2024). *Basert på utenrikshandelen frå SSB med varer, etter varenummer (HS)*. AgriAnalyse/Landbruksdirektoratet/SSB.
- Landbruksdirektoratet (2021). *Markedsrapport 2020 Markeds- og prisvurderinger av sentrale norske landbruksråvarer og RÅK-varer*. Rapport 5/2021. Landbruksdirektoratet.
- Landbruksdirektoratet (2023). *Markedsrapport 2022 Markeds- og prisvurderinger av sentrale norske landbruksråvarer og RÅK-varer*. Rapport 6/2023. Landbruksdirektoratet.
- Landbruksdirektoratet (2024). *Markedsrapport 2023 Markeds- og prisvurderinger av sentrale norske landbruksråvarer og RÅK-varer*. Rapport 3/2024. Landbruksdirektoratet.
- Landbruksdirektoratet (2024). *Omverdenen til norsk landbruk og matindustri 2023*. Rapport 4/2024. Landbruksdirektoratet
- Landbruksdirektoratet (2022). *Omverdenen til norsk landbruk og matindustri 2021*. Rapport 4/2022. Landbruksdirektoratet.
- LOVDATA (2024). Forskrift om nedsettelse av tollavgiftssatser for landbruksvarer som gjeninnføres etter bearbeiding i utlandet. Henta frå:
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-06-01-580>
- Prop. 1 LS (2022–2023). *FOR BUDSJETTÅRET 2023. Skatter, avgifter og toll 2023*. Finansdepartementet.
- Prop. 1 LS (2023–2024). *FOR BUDSJETTÅRET 2024 Skatter og avgifter 2024*. Finansdepartementet.
- Prop. 210 S (2020–2021). *Samtykke til inngåelse av frihandelsavtale mellom Island, Liechtenstein, Norge og Storbritannia*. Foreløpig utgave. Statsministarens kontor (2021). *Pressemelding, 04.06.2021, nr. 73/21*.
- St.prp. nr. 65 (1993-94): *Om resultatet av Uruguay-runden (1986–1993) og om samtykke til*

- ratifikasjon av avtale om opprettelse av Verdens Handelsorganisasjon (WTO) m.m.*
Utenriksdepartementet.
- Thuen, A. E. & Tufte, T. (2018). *Frihandelsavtaler og norsk landbruk. Stadig flere avtaler – MERCOSUR neste?* (Rapport 6 - 2018). AgriAnalyse. Oslo.
- Thuen, A.E. & Tufte, T. (2023): *Import – konsekvenser for norsk matkorn.* I ”Markedet for norsk matkorn”, Partnerskapet for norsk matkorn og planteprotein, Rapport, Januar 2023
- Tolletaten (2021). *Ny frihandelsavtale med Storbritannia trer i kraft 1. desember 2021 og erstatter «Broavtalen».* Henta 15.02.2022 frå: <https://www.toll.no/no/om-tolletaten/nyheter/2021/ny-frihandelsavtale-med-storbritannia-erstatter-broavtalen/>
- Tolletaten (u.å.). *Oversikt over GSP-landene.* Henta 15.02.2024 frå: <https://www.toll.no/no/bedrift/import/tollfrihet/gsp/oversikt-over-gsp-landene/>
- Totalmarked kjøtt og egg (u.å.). *Reguleringslager.* Henta 15.02.2024 frå: <https://totalmarked.nortura.no/marked/reguleringslager/>
- Tufte, T. (2014). *CAP-reformer. Auka eksport og styrka tollvern.* (Rapport 2 - 2014). AgriAnalyse. Oslo.
- Tufte, T. (2011). *Tollvernet forvitrar. Norsk landbruksvarehandel i lys av EØS og tredjeland* (Rapport 7 - 2011). Landbrukets utredningskontor. Oslo.
- Tufte, T. (2023). *Norsk landbruksvarehandel.* (Notat 1 - 2023). AgriAnalyse. Oslo.
- WTO (u.å.). *Members and Observers.* Henta 29.02.2024 frå https://www.wto.org/english/thewto_e/whatis_e/tif_e/org6_e.htm
- WTO (u.å.a). *UNDERSTANDING THE WTO: THE ORGANIZATION.* Henta 15.02.2024 frå: https://www.wto.org/english/thewto_e/whatis_e/tif_e/org6_e.htm
- WTO (u.å.b). *An unofficial guide to agricultural safeguards.* Henta 13.03.2024 frå: https://www.wto.org/english/tratop_e/agric_e/guide_agric_safeg_e.htm
- WTO, ITC & UNCTAD (2023). *WORLD TARIFF PROFILES, 2023.* Geneve.

Utgivelser 2024

Rapport 1–2024: Opptrapping i jordbruket - Ei ny retning for å betre svara opp dei landbruks politiske måla

Rapport 2–2024: Bedret utnytting av viltkjøtt som en ressurs for næringsutvikling i Distrikts-Norge: -En analyse med utgangspunkt i den lokale kjøttbransjen

Rapport 3–2024: Teknologibruk for melk- og kjøtt produksjon i utmarka i Nord-Norge, med Troms som eksempel

Rapport 4–2024: Det handler om volum - Utfordringer og flaskehalsar i verdikjeden i anskaffelse av økologisk mat i Viken fylkeskommune



Hollendergata 5.
Pb. 9347 Grønland
N-0135 OSLO
E-post: post@agrianalyse.no
Web: <http://www.agrianalyse.no>

ISSN 1894-1869 (web)

